



Høyringssvar til overordna plan for System for styrka læring

Utdanningsforbundet i region Sogn takkar for høve til å kome med innspel til overordna plan for System for styrka læring.

Oppsummering

Skule- og barnehageeigar i kvar kommune har ansvar for System for styrka læring. Tilsette og leiarar er utførarar og må sikrast gode rammevilkår.

Utdanningsforbundet meiner vi må ha fokus på enkle gjennomførebare mål som har utgangspunkt i lokal utvikling og endringsvilje. Vi meiner det er her styrken i regional læring kan ligge.

Vi meiner difor at framleggget om å etablere eitt eller fleire interkommunale arbeidslag under kvar målformulering i programmet ikkje bør setjast i verk på det noverande tidspunkt. Dersom det likevel er aktuelt må det vere som eit resultat av lokalt innmelde behov og vurderast særskilt nøye.

Utdanningsforbundet meiner at overordna plan for System for styrka læring må utformast enklare for å gi eit meir realistisk og ønskeleg bilet av og for lokal utvikling av skule- og barnehage. Samarbeid i eigen – og på tvers av kommunar tek tid.

Lokal styring - regional samhandling

Utdanningsforbundet i regionen er som aktør i System for styrka læring opptekne av at vi skal lukkast med denne satsinga. Vi meiner difor det må gjerast så enkelt som mogleg. Lokale behov og lokal styring må styre regional samhandling. Det som vert samsnakka om i type informasjons- og delingsnettverk skal alltid handsamast lokalt. Det er eit ansvar all kommunal forvaltning har.

Forankring lokalt

Regionalt samarbeid på tvers av kommunar, fordrar lokal forankring blant tilsette, leiarar og kommunenivå. Det må arbeidast med eigen ståstadanalyse i kvar barnehage- og skule for å skape eigen utviklingsplan og det må arbeidast med prioriteringar og utvikling i kommuneorganisasjonen.

HTV har fått innspel på:

- at system for styrka læring ikkje er godt forankra og til dels lite kjend på kommunalt toppnivå, politisk og administrativt
- at svært få veit at kommunen har eit kommunestyrevedtak som er bakgrunnen for system for styrka læring og at dette føresett lokal verksetting.
- at ein kommunalt ikkje har forstått at satsinga må føre til lokalt utviklingsarbeid og prioriteringar
- at ein trur at det er programstyret for system for styrka læring som skal utarbeide og konkretisere utviklingsplanar for kommunane; barnehagar og skular og ikkje eige arbeid som skal utførast her.

Tid og rammer

Leiarar og tilsette må ha tid og rammer til å drive utviklingsarbeid. Dette må drøftast og forhandlast om på kommunenivå og arbeidsplassnivå. Kommunestyrevedtak om programmet får følgjer for lokale rammer. Konsekvensutgreiingar kan vise seg å vere naudsynt og gjennomføre.

Lokal partssamansett programstyregruppe

Framlegget om ei kommunal programstyregruppe, er eit steg i rett retning. Den lokale gruppa må vere samansett av representantar for tilsette, hovudtillitsvald frå Utdanningsforbundet, leiarar, administrasjon og politikarar. Det er gjennom eit godt trepartssamarbeid ein har høve til å utvikle eit godt forankra og avgjerande eigarforhold til eigne mål for utvikling. Alle tilsette må involverast i dette arbeidet på sine respektive arbeidsplassar. Strategiar i System for styrka læring må inngå som ein naturleg del av utviklingsarbeid lokalt. Dette er ein utfordrande jobb i seg sjølv.

Lokale ståstadanalysar

Resultata av dei ulike ståstadanalysane for kvar arbeidsplass vil vere ulike. Dei vil vere ulike internt ein kommune og mellom kommunar. Prioriteringar som skal føretakast lokalt kan føre til at det berre er ein eller nokre få kommunar som vil arbeide med det/dei same utviklingsprosjekta samstundes. Dette skal vi anerkjenne. Lokalt fokus i denne fasen vi er i no er difor avgjerande.

Fleire kommunar har satsa på kommunale nettverk på til dømes *Vurdering for læring*. Det er viktig at det lokale arbeidet som er i gang held fram.

Evaluering av fagnettverk

Fagnettverka på tvers av kommunar for lærarar i skule- og barnehage må nemnast i overordna plan og ein bør ta ein debatt om dette fungerar etter intensjonen eller om dei bør endrast på. Regionale fagnettverk må evaluerast av programstyret.

Handle lokalt – tenke regionalt

Utdanningsforbundet meiner det er avgjerande at ein handlar lokalt og tenker regionalt. Det er vesentleg for å lukkast at arbeidet med forankring i skule og barnehage får førsteprioritet og vi meiner at dette ikkje kjem klart fram i den overordna planen. Kommunane må arbeide med dette lokalt. Når ein føretok ei prioritering, betyr det at noko anna må veljast vekk. Dette er ein viktig debatt å ta lokalt.

Vi meiner at arbeidet med System for styrka læring må forenklast. Det kommunale arbeidet må prioriterast, fordi det er her vurderingar og arbeid skal gjerast og gjennomførast.

Regionale arbeidslag

Arbeidslag som er beskrive i overordna plan kan lett bli sårs stort og omfattande og vi meiner desse bør opprettast dersom det vert meldt inn behov for samordning frå fleire kommunar. Vi er usikre på om type arbeidslag under kvart strategiområde, slik det er vist til i planen, sikrar utvikling av og ivaretaking av lærarar og leiarane i skule og barnehage lokalt.

Utdanningsforbundet meiner det kan ligge til programstyret sitt mandat å koordinere eit eller fleire arbeidslag, men dette må kome etter initiativ frå kommunar.

Styringskjeda

Det er i overordna plan vist til særslig mange aktørar, 87 i talet i *styringskjeda*. Type eksisterande nettverk kan ha ulike mål, men dei fleste som eksistrar i dag, er type informasjons – og delingsnettverk som til dømes nettverk for skule- og barnehageansvarlege, rektor og styrarnettverk. Denne type nettverk har i seg sjølv ein eigenverdi, nettopp fordi det har vore og er eit behov for å treffes på tvers av kommunar. Fleire av desse har vore i drift over lengre tid og det er naturleg at desse informasjons –og delingsnettverka driftar seg sjølv vidare.

Vi meiner ein må unngå å byråkratisere informasjons- og delingsnettverka.

Utdanningsforbundet meiner at utvikling og styringa ikkje ligg i sjølve nettverka, men gjennom deltakande aktørar frå nettverka i kvar einskild kommune og på kvar einskild arbeidsplass. Vi meiner det er viktig å halde fokus på og løfte fram arbeidsplass- og kommunenivået for å lukkast med ulike og lokale mål for skular og barnehagar.

Deltaking i nettverket for skule- og barnehageansvarlege med to hovudtillitsvalde frå Utdanningsforbundet meiner vi er nødvendig og dette er naudsynt å få på plass.

Programstyret – mandat

Programstyret sitt mandat er primært å kome med faglege kvalifiserte innspel og tilrådingar og bidra til utvikling av programmet.

Det er, meiner Utdanningsforbundet, ikkje mogleg og heller ikkje ønskeleg for programstyret og prosjektleiar å vere til stades saman med alle aktørar i alle ulike nettverk til ei kvar tid.

Programstyret har fått eit mandat og det er viktig at programstyret vert prioritert og at prosjektleiar prioriterar arbeidet mot aktørane i programstyret. Prosjektleiar må forankre og hente sine prioriteringar hos aktørane i programstyret

Det er naturleg at det er programstyret som gjennom sitt mandat, inviterer ulike aktørar til møter for koordinering, evaluering, samordning, informasjon og kunnskapsdeling. Ansvaret for å løfte opp lokale behov vil ligge på kvar enkelt kommune. Skal programstyret kunne vere med å utvikle må kommunane melde inn kva behov desse har. Programstyret skal ikkje styre kommunar, men legge til rette for samordning der det kan finnast felles behov på tvers av ein eller fleire kommunar. Programstyret har fått mandat frå Sogn regionråd, til å koordinere, konkretisere og ta initiativ. Det er heilt naudsynt at kvar einskild aktør i programstyret klarar å halde oversikt. Utdanningsforbundet meiner at programstyret som heilskap per i dag ikkje har oversikt over aktivitetar som føregår og dette gjer samordning og kloke grep særslig vanskeleg. Aktivitetar som programstyret må vite om for å kunne samordne lokale behov må arbeidast med. Oversikt over aktivitetar som føregår i ulike nettverk er avgjerande for programstyret å vite om for å kunne ta felles avgjerd på om dette er noko programstyret skal arbeide meir eller vidare med og kva koordinering og samordningsbehov som vert etterlyst. Mål og strategiar må utarbeidast og forankrast i heile programstyret. Utan denne oversikten er programstyret handlingslamma.

Med vennleg helsing for Utdanningsforbundet i region Sogn

Anne Siri Bentsen, HTV Luster

Steinar Øydvin, HTV Sogndal

Stein Abrahamsen, HTV Aurland

Kjellfrid Gustavsen, HTV Årdal

Siri Johanne M. Henjum, HTV Leikanger

Heidi Rennestraum, HTV Vik

Erna Gjerde, HTV Balestrand

Anniko Varberg, HTV Lærdal